

Bø skulemusikk informerar:

# 17. mai og konfirmasjonsspelning

## Konfirmasjonsspelning:

Kvart år spelar skulemusikken (hovudkorps og evt aspirantar om dei kan repertoaret) for våre eigne muikantar som står til konfirmasjon. Dette er ein veldig fin og populær tradisjon som vi vil halde fram med. På dagar med mange konfirmantar blir dette ei stor logistikk-oppgåve med fleire titals musikantar med instrument som skal fraktast rundt i Bø og Sauherad. Til denne oppgåva er me avhengige av ein liten armada av køyrande foreldre/føresette.

I år er det totalt 11 konfirmantar fordelt på datoane, laurdag 11. Mai (1 konfirmant), søndag 12. Mai (2 konfirmantar), laurdag 25. Mai (7 konfirmantar) og søndag 26. Mai (1 konfirmant).

Dei som er satt opp til køyring 11. Mai møter i Gullbring 13.50 med bil og evt. muskant. Speling på Gvarv ca. 14.30.

Dei som er satt opp til køyring 12. Mai møter i Gullbring 12.50 med bil og evt. muskant. Fyrste av to oppdrag ca. kl. 13.30 på Evju bygdetun.

Speling 25. Mai og 26. Mai kjem det nærare informasjon om på Facebook og på øving 16. mai  
Fint om musikantane ikkje legg alternative planar desse dagane.

## 17. mai:

Skulemusikken har to store oppdrag på 17. mai. Dei spelar i toget (går frå Bø skule kl. 10.00) og lagar skikkeleg god stemning, utpå dagen (14.15) held dei konsert på Bø torg.

- Musikantane møter på Gullbring kl 8.45. Møt opp i full uniform (blått og rødt denne dagen). Hugs luve, slips, instrument og noteklype. Møt opp i god tid, **ikkje kom for seint**☺
- Etter toget blir det pizza på Pizzafjoset. Sett instrumentet i Gullbring, det er fri fram til konserten på torget.
- Møt opp i Gullbring 13.45 i 17. maibekledning (det du har på☺) Konserten byrjar kl. 14.15

**Me oppfordrar foreldre, besteforeldre, tanter, onklar, syskenbarn, tremenningar osv. til å komme og høyre på dei strålende flinke musikantane. Ta med betalingsmiddel, me sel kaker og kaffe!**

Helsing styret

